



STRYN KOMMUNE

# Psykososialt kriseteam



GJELD FRÅ 01.10.2020

## Innhold

1. Bakgrunn .....	2
2. Hensikt med planen.....	2
3. Mandat .....	2
3.1 Teamet si oppgave: .....	2
3.2 Aktivering av teamet: .....	2
3.3 Møte med kriseråka .....	3
3.4 Etter utrykking.....	3
3.5 Møteverksemd .....	3
3.6 Loggføring og rapportering: .....	3
3.7 Kompetanse.....	3
3.8 Fråvær.....	3
3.9 Rutinar og oppdatering .....	4
4. Organisering av psykososialt kriseteam .....	4
4.1 Oppfølging av medlemmar i teamet .....	5
5. Økonomi .....	5
5.1 Godtgjering:.....	5
6. Evaluering og revidering av plan .....	5
7. Distribusjon av rammeplan .....	5
8. Lenkjer:.....	6
9. Vedlegg .....	7
Vedlegg 1: Oversikt namn og nummer psykososialt kriseteam .....	7

## 1. Bakgrunn

I beredskapssamanheng må kommunen ha eit tverrfagleg kriseteam som skal vere i beredskap i samband med alvorlege ulukker, kriser og katastrofar.

Plan for psykososialt kriseteam er heimla/forankra i:

- Lov om helsemessig og sosial beredskap §§ 2-1 og 2-2
- Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen §16
- Lov om helse- og omsorgstenester §5-2
- Pasient- og brukerrettighetsloven §2-1 a
- Stryn kommune si kriseleiingsplan

## 2. Hensikt med planen

Planen skal gje føreseielege retningslinjer for korleis Stryn kommune skal ivareta individ eller grupper i ein krisesituasjon.

## 3. Mandat

Psykososialt kriseteam skal opptre på vegne av Stryn kommune ved krisesituasjoner. Leiar for teamet er med i kommunen si kriseleiing, og deltek i kriseleiingsmøter.

### 3.1 Teamet si oppgåve:

Teamet si oppgåve er å samordne den psykososiale innsatsen som trengs i ein krisesituasjon og sikre at dei som er råka av hendinga får naudsynt oppfølging.

Teamet rykker ut ved hendingar av dramatisk og uventa karakter som gjev, eller som ein ventar kan gje einskildpersonar eller grupper ein omfattande og langvarig psykisk reaksjon. Dette gjeld:

- Ulykker der menneske døyr eller vert hardt skadde.
- Dramatisk dødsfall der det ordinære hjelpeapparatet ikkje er tilstrekkeleg (til dømes sjølv mord).
- Andre kriser der menneske treng akutt bistand (eks. naturkatastrofer m.m.)

Krisesituasjonar der mindreårige born er involverte har lågare terskel for å rykke ut.

### 3.2 Aktivering av teamet:

Det er leiar for psykososialt kriseteam, eller den som er i han/hennar stad ved fråvær, som avgjer om kriseteamet skal rykke ut. Leiar gjer dette i samråd med kommunalsjef helse og sosial eller andre medlemmar i teamet dersom han/ho ser behov for dette.

Teamleiar kallar ut så mange frå teamet det er behov for. Dersom fast medlem ikkje kan møte skal denne aktivere den som er vara for seg.

Det vert forventa at dei som står på lista svarar ved oppringing. Dersom ein av vektige grunnar ikkje kan rykke ut skal dette informerast om ved utkalling.

Teamet møtes som hovudregel på Kommunesenteret og kartlegg situasjonen før utrykking. Når det er hensiktsmessig avtalar leiar anna oppmøtestad.

Teamet er meint å vere aktivisert i akuttsituasjonen. Denne vil normalt vare frå teamet har fått melding inntil 1 dag etter hendinga. Ved behov for vidare oppfølging må dette skje ved tilmelding til ordinært tenestetilbod. Leiar for kriseteamet har ansvar for å kartlegge om det er behov for oppfølging.

### 3.3 Møte med kriseråka

Samtykke til krisehjelp skal vere munnleg eller skriftleg frå den kriseråka.

Det er viktig å ta omsyn til teieplikta.

### 3.4 Etter utrykking

Teamleiar kallar inn dei som har vore med i utrykking for debriefing så fort råd er etter hendinga.

### 3.5 Møteverksemd

Psykososialt kriseteam skal ha møter 4 gongar pr. år. Eventuelt fleire gongar ved behov. Teamleiar kallar inn til møter.

Teamet deltek i regionale nettverksmøter.

### 3.6 Loggføring og rapportering:

Teamleiar har ansvar for at det vert ført logg ved utrykking. Dette skjer i kommunen sitt elektroniske saksbehandlingssystem; WebSak Fokus.

Ved individuell helsehjelp skal dette journalførast i gjeldane fagsystem dersom det helsepersonellet som utøver hjelp ser at dette stettar kriteria for journalplikt jf. Helsepersonell-lova §39.

Teamleiar melder utrykking til kommunalsjef helse- og sosial påfølgande arbeidsdag.

Psykososialt kriseteam skal levere årsrapport til kommunalsjef helse og sosial innan utgangen av januar i påfølgande år.

### 3.7 Kompetanse

Alle som er medlemmar i kriseteamet skal gå gjennom opplæring *Kriseteamskulen*.

Leiar for teamet skal ha minimum bachelorgrad innan helse- og sosialfag. Anna relevant utdanning kan verte vurdert. Det er ynskjeleg med vidareutdanning innan psykisk helsearbeid.

Personlig eignaheit må vektleggast.

### 3.8 Fråvær

Ferieavvikling i teamet må planleggast og koordinerast i god tid i førekant av feriar og høgtider. Teamet må ha minimum 3 medlemmar/varamedlemmar tilgjengelege ved ferieavvikling.

Dersom det ikkje let seg gjere å koordinere ferie innan teamet må kommunalsjef helse og sosial kontaktast. Medlemmane sine næraste leiarar vil bli kopla inn for å finne løysing.

Ved sjukmelding eller anna langvarig fråvær skal den avdelinga vedkomande høyrer til peike ut ein stedfortredar for medlemmet.

Ved frávær av leiar er den faste medlemmen frå avdeling psykisk helse og rus som er leiar. Dersom begge desse er fráværande vil det verte peika ut ein annan frå teamet som leiar.

### 3.9 Rutinar og oppdatering

Kriseteamet v/leiar har ansvar for å utforme rutinar for psykososial oppfølging etter kriser og katastrofar, og halde desse oppdaterte. Dette gjeld også oppdaterte lister over medlemmar m.m.

Rutinar og oppdaterte lister ligg i kommunen sitt kvalitetssystem, Compilo.

## 4. Organisering av psykososialt kriseteam

Psykososialt kriseteam er ein del av Stryn kommune sin overordna beredskap ved krisesituasjonar. Teamet er tverrfagleg samansett. Det er organisert med eigen teamleiar under kommunalsjef helse og sosial.

Samansetjing i teamet er slik:

- 2 faste medlemmar frå avdeling psykisk helse og rus (leiar)
- 1 fast medlem og 1 vara frå helsestasjonen
- 1 fast medlem og 1 vara frå PPT
- 1 fast medlem og 1 vara frå sosiale tenester i NAV
- 1 fast medlem og 1 vara frå skule
- 1 fast medlem og 1 vara frå pleie- og omsorgstenester
  
- 1 frå Politiet
- 1 prest

Leiar for psykososialt kriseteam er frå avdeling psykisk helse og rus.

I tillegg er det følgjande støttefunksjonar ved spesielle behov

- Flyktningtenesta
- Barneverntenesta
- Fastlege
- Kommuneoverlege
- Andre ressurspersonar

Støttefunksjonane deltek på 2 møter pr år.

Ved utskifting av medlemmar skal leiar for avdelinga vedkomande høyre til utpeike nytt medlem. Det må leggast vekt på personleg eignaheit.

Det er opning for at tilsette frå andre avdelingar erstattar medlemmar på lista dersom dette er naturleg. Dette må avklarast med vedkomande sin leiar.

(liste med namn og telefonnummer: vedlegg 1)

#### 4.1 Oppfølging av medlemmar i teamet

Næraste leiar for dei som er medlem i teamet har eit særskilt ansvar for å følgje opp den tilsette i høve rolla som medlem i psykososialt kristeteam. Dette bl.a. som ein del av medarbeidersamtale, merksemd i etterkant av utrykking og liknande.

For utan næraste leiar har kommunalsjef helse og sosial har eit særskilt ansvar for å følgje opp leiar i psykososialt kristeteam.

Kommunalsjef helse og sosial deltek på eit av teamet sine møte pr. år der det er fokus på medlemmane si oppleving av å delta i teamet. Teamleiar kallar inn kommunalsjef ved høve.

### 5. Økonomi

Psykososialt kriseteam har eigen budsjettpost. Ansvar 3040. Utgifter som vert dekkja frå denne er årleg tillegg leiar, ekstra lønskostnadar til medlemmar ved utrykking, andre utgifter ved utrykking (bilgodtgjersle m.m.) og kompetanseheving av kommunalt tilsette team-medlemmar.

#### 5.1 Godtgjering:

Leiar av teamet får eit fast årleg tillegg i lønn på kr. 15.000,-

Det vert ikkje utbetalt beredskapsgodtgjersle. All tidsbruk vert komepensert time for time. Kveld-, natt-, lør/søn- og helligdagstillegg samt eventuell overtid vert utbetalt ut frå faktisk tidsbruk. Det vert i tillegg utbetalt kr. 1 000,- for oppmøte ved utrykking. Dette gjeld faste medlemmar, vara og eventuelle støttefunksjonar som rykkjer ut.

### 6. Evaluering og revidering av plan

Evaluering av planen skjer kvart 2 år. Første gong haust 2021. Evaluering vert gjort i møte med medlemmane i teamet.

Planen skal reviderast ved behov. Leiar har ansvar for å melde behov om revidering av plan til kommunalsjef helse og sosial.

Kommunalsjef har ansvar for å revidere plan.

### 7. Distribusjon av rammeplan

Rammeplanen skal vere vedlegg til Stryn kommune si kriseleierungsplan og vere tilgjengeleg på Stryn kommune si heimeside.

Rammeplan skal distribuerast til følgjande:

- Politiet
- Kyrkjekontoret i Stryn
- Nordfjord legevakt
- Legekantoret i Stryn kommune
- Helse Førde. Sendes postmottak med melding om å særskilt ditribuere til:
  - AMK – 113, Hele Førde
  - Ambulansetenesta, Helse Førde
  - Ambulant team, Nordfjord psykiatrisenter

Teamleiar har ansvar for å sende rammeplan og oppdatert varslingsliste ein gong pr. år.

## 8. Lenkjer:

[Veiledere: Mestring, samhörighet og håp](#)

<https://www.helsedirektoratet.no/tema/psykososial-oppfolging-ved-ulykker-kriser-og-katastrofer>

<https://www.kriser.no/kriseteam>

<https://rvtsmidt.no/kompetanseheving/nettverk/kriseteam/>



## 9. Vedlegg

### Vedlegg 1: Oversikt namn psykososialt kriseteam

Faste medlemmar med vara:

Namn	Arbeidstad
Vivian Tvinnereim	Psykisk helse og rus
Kamilla Hatledal	Psykisk helse og rus
Hilde Nordnes	Helsestasjon
Vara: Tine Camilla Rosenvinge	Helsestasjon
Iselin Rande	PPT
Vara: Kariann Aga Nygård	PPT
Anita Bjerkenås	NAV
Vara: Renate Almenning	NAV
Marita Rekdal	Stryn ungdomsskule
Vara: Charlotte Heggen	Stryn ungdomsskule
Anita Kristin Vik	Pleie- og omsorg
Vara: Mari Frausing	Pleie- og omsorg

Støttefunksjonar:

Namn	Arbeidsstad
Jorge Hildalgo Garcia	Flyktingtenesta
Vara: Siv Otterdal Bøe	Flyktingtenesta
Rita Stølen Veamyhr	Barnevern
Vara: Dagmund Everbø	Barnevern
Mark Al Persson	Legekontor
Marius Solbakken	Kommuneoverlege

Andre:

Namn	Arbeidsstad
Vidar Stavik	Politi
Henny Koppen	Prest

Liste med telefonnummer ligg som vedlegg i Compilo. Denne er ikkje offentleg.